

Swing – kafeen (8. klasse)

Informasjon til foreldra før julemarknaden: Eit google-dokument vart delt med foreldra av julemarknadsansvarleg for 8.klasse i oktober. Der stod det bl.a. informasjon om når foreldra skulle ha sine vakter på julemarknaden, og dei kunne sjølve fylle inn t.d. kva slags type kaker dei ville lage til kafeen.

<https://docs.google.com/spreadsheets/d/1U77XddWGj7QbZQx4o3h1r0rhqiscxNMjqgEgbSBrvNw/edit?usp=sharing>

Lagekveldar til klasseprodukt: Til Swingkafeen var oppgåva å lage 150 rundstykker. I staden for å samle alle foreldra på skulen for å bake dei ut saman der, lagde foreldra rundstykkene heime. (Vi hadde dermed ingen organiserte lagekveldar på skulen).

Eg (julemarknadsansvarleg for 8.klasse) informerte om at alle foreldra måtte levere inn rundstykkene til meg nokre dagar før sjølve julemarknaden, dette for å vere sikker på at alle leverte (dermed viktig med ein stor frysar heime for å kunne oppbevare alle rundstykkene). Nokre foreldre hadde ikkje levert innan fristen, og desse måtte «purrast på» via sms. Etter litt purring, fekk alle levert rundstykkene til dugnaden. Rundstykkene vart så tatt med til klasserommet og tint der over natta (sjå fil med oppskrifter til rundstykkene).

Dugnadsdagen:

Kassene med dukar, koppar, bestikk osv. var å finne i gangen ved helsesystra sitt kontor.

Sjølve pyntinga av 8. og 9.-klasserommene gjekk fint (sjå vedlagte bileter). Å «dra saman» den store jerndøra i 8. klasse kan vere vanskeleg, men vaktmeisteren skal då kunne hjelpe til med det.

Tidlegare år har nokre folk reagert på at når muskarane koblar til annlegga sine til instrumenta, vert lydnivået for høgt. Musikaren Odin vart difor spurt om dei kunne vere litt obs på dette og heller skru ned volumet litt, og det sa han var heilt greitt. Tilbakemeldingar frå gjestar var at lydnivået på dette julemarknadet var akkurat passe, og det verka som folk både kunne samtale litt seg i memellom, og høyre på flott musikk.

I tillegg handla julemarknadskontakta for 8. klasse inn mykje mat til Swing-kafeen, og då var det greitt å ha tilgang til bil (sjå fil med handlelista).

Julemarknadsdagen: Fyrste oppgåva på sjølve dugnadsdagen, er å smørje på alle rundstykkene, og det tar tid! Den fyrste vakta møtte difor presis til sitt skifte kl. 0900, men då var skulen låst. Vaktmeister vart ringt opp, men han ville ikkje oppgi koden til døra. Etter litt stress fram og tilbake, endte det med at ein av lærarane

hjalp oss med koda slik at vi kom oss inn i bygget og til klasserommet. *(Korleis kan ein sikre betre rutiner i forhold til opplåsing av skulen?)*

Diverre møtte ikkje nokre av foreldra som skulle vere på den fyrste «påsmørjings – vakta», og det vart difor svært stressande for dei to andre foreldra. Kanskje bør ein setje opp endå fleire foreldre for å unngå denne type situasjon?

På julemarknadsdagen kom julemarknadsansvarleg Therese og leverte ut eit skrin til kafeen med vekslepenger, ein vippsnr- plakate og bankterminal. Terese var og med å bestemme prisar på kakene, rundstykkene osv.

Rydding: Etter julemarknaden vart det meste av maten pakka saman og satt i kjøleskapet til lærarane. (Det er fast tradisjon at lærarane får det som vert att av maten).

Dukar, bestikk osv. vart pakka ned igjen i kasser, og satt i gangen ved helsesystra sitt kontor.

Pultar og stolar vart satt på plass, tavler vaska av og golv kosta.



